



Gloppen kommune

Møteprotokoll

Utval	Samfunnsutvalet
Møtestad	Formannskapssalane
Dato	29.04.2026
Tid	Kl. 12:00 – 13:30

Følgjande medleamar møtte	Frå
Alf Erik Røyrvik	V
Kristin Sælen	AP
Marit Elisabeth Larssen	SP
Olav Klungre	KRF
Runar Stensaker Kleppe	H
Tord Hafnor	MDG

Forfall/møtte ikkje	Frå	Følgjande varamedlem møtte	Frå
Anders Felde	SP	Per Rune Vereide	SP

Underskrifter

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
025/26	Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste
026/26	Referat og orienteringssaker
027/26	Detaljreguleringsplan for Fjordfronten Sandane sentrum - 2. gongsbehandling for høyring og offentlig ettersyn

025/26: Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Utvalsleiar si tilråding:

1. Samfunnsutvalet godkjenner møteboka frå siste møte
2. Samfunnsutvalet godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet

Samfunnsutvalet 29.04.2026:

Behandling

SAMF- 025/26 Vedtak

1. Samfunnsutvalet godkjenner møteboka frå siste møte
2. Samfunnsutvalet godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet

Vedtaket var samrøystes.

026/26: Referat og orienteringssaker

Samfunnsutvalet 29.04.2026:

Behandling

SAMF- 026/26 Vedtak

027/26: Detaljreguleringsplan for Fjordfronten Sandane sentrum - 2. gongsbehandling for høyring og offentleg ettersyn

Kommunedirektøren si tilråding

Samfunnsutvalet vedtek med heimel i Plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 å legge forslag til detaljregulering for fjordfronten Sandane sentrum ut til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn, på

vilkår om at følgjande vert innarbeidd:

- Kravet om bygging av to etasjar vert vidareført frå områdeplanen, og gjeld for alle delområda unntatt F/K. Som eit minimum må bygningane tole framtidig påbygging.
- Kravet om at 3. og 4. etasje skal nyttast til bustad vert vidareført frå områdeplanen, gjeld eitt eller fleire delområde men ikkje F/K.
- Rekkjefølgjekrav for opparbeiding av *annan veggrunn – grøntareal, offentleg (o_AVG1), fortau, offentleg (o_FO2) og parkeringsplassar, offentleg (o_PP)* (ny taxihaldeplass) skal og gjelde for F/K.
- Plankonsulenten innarbeider framlegg til konkrete krav til visuelle kvalitetar og utforming, her under bygningsvolum, takform, farge, materialbruk o.l.

Kommunen aksepterer på vilkår parallell behandling av planforslag og byggesak for nytt Coop bygg jf. pbl. § 12-15, og at høyringsperioden vert nytta som nabovarsel.

- Vilkår: Fjernverknad skal dokumenterast. Det må utarbeidast illustrasjonar som syner korleis sentrum vil sjå ut dersom berre Coop vert bygd. Illustrasjonane skal ha perspektiv sett frå fjorden, Heradsplassen og eksisterande parkeringsplass ved Fargarhuset.

I høyringsperioden skal kommunen halde eit ope informasjonsmøte for alle som vert direkte eller indirekte påverka av planforslaget.

Administrasjonen får høve til å gjere redaksjonelle endringar i plandokumenta før dei vert sendt på høyring, og det vert teke atterhald om at kommunen kan kome med krav om justeringar i høyringsperioden.

Samfunnsutvalet 29.04.2026:

Behandling

Forslag frå Runar Kleppe - Høgre, framlegg frå Runar Stensaker Kleppe, Høgre

Forslag 1:

Fjerne "Som eit minimum må bygningane tole framtidig påbygging." i første kulepunkt.

Forslag 2:

Fjerne "Rekkjefølgjekrav for opparbeiding av annan veggrunn – grøntareal, offentleg (o_AVG1), fortau, offentleg (o_FO2) og parkeringsplassar, offentleg (o_PP) (ny taxihaldeplass) skal og gjelde for F/K." i tredje kulepunkt.

Forslag 3:

Fjerne "Fjernverknad skal dokumenterast" frå kulepunkt 5.

Forslag 4:

Fjerne §3.6. Minimum 20% av parkeringsplassene skal ha ladepunkt for el-bil.

Forslag 5:

Fjerne §4.6. I hjørnet mot Heradsplassen skal det være inngangsparti.

Forslag frå Arbeiderpartiet, framlegg frå Kristin Sælen, Arbeidarpartiet

Nummereringa relaterer seg til forslaga frå Runar Kleppe - Høgre

1. Framtidig 2. etasje / påbygging på F/K

For område F/K skal det vere dokumentert i byggesaka at bygget kan prosjekterast slik at det ikkje hindrar framtidig påbygging eller vidare fortetting. Dersom dette ikkje er teknisk eller økonomisk føremålstenleg, skal dette grunngjevast særskilt.

2. Rekkjefølgjekrav for grøntareal, fortau og taxihaldeplass

Før bruksløyve for F/K skal tilgrensande offentlege areal som er nødvendige for trygg ferdsel, tilkomst, kollektivløysing og mellombels ferdigstilling vere opparbeidde eller sikra opparbeidde etter avtale med kommunen.

3. Fjernverknad

Fjernverknad og landskapsverknad skal dokumenterast gjennom illustrasjonar frå relevante standpunkt, med særleg vekt på korleis området framstår dersom berre F/K vert bygd i første fase.

4. Ladepunkt

Minimum 20 % av parkeringsplassane skal vere tilrettelagde med framføring av trekkerøyr/kabelinfrastruktur for framtidig etablering av ladepunkt.

5. Inngangsparti mot Heradsplassen, ref §4.6.

Fasade og hjørne mot Heradsplassen skal vere utforma med særleg vekt på openheit, aktivitet og god visuell kontakt mot byrommet. Det skal vere vurdert om inngangspartiet ikkje bør ligge der.

Framlegg frå Olav Klungre (KrF), framlegg frå Olav Klungre, Kristeleg Folkeparti

Som kommunedirektøren sitt framlegg, men fjerne "Rekkjefølgjekrav for opparbeiding av annan vegggrunn – grøntareal, offentlig (o_AVG1), fortau, offentlig (o_FO2) og parkeringsplassar, offentlig (o_PP) (ny taxihaldeplass) skal og gjelde for F/K." i tredje kulepunkt.

Kulepunkt 1, framlegg frå Tord Hafnor, SenterpartietUavhengigMiljøpartiet dei Grøne

Kulepunkt 1: Kravet om bygging av to etasjar vert vidareført frå områdeplanen, og gjeld for alle delområda unntatt F/K. Som eit minimum må bygningane tole framtidig påbygging, gjelder også F/K.

Saksbehandlar deltok under behandling av saka

Arbeiderpartiet trakk sitt punkt 4 i forslaget sidan det er krav til framføring av trekkerøyr/kabelinfrastruktur i teknisk forskrift.

Det var usemje om korleis punkt 1 i kommunedirektørens tilråding skal forstås. Punktet vart endra til: "For SF, BFK1, BFK2 vert kravet om bygging av to etasjar vidareført frå områdereguleringsplanen. Som eit minimum må bygningane tole framtidig påbygging."

Avstemming

Det vart stemt punktvis etter felles nummerering i framlegg frå Høgre og Arbeiderpartiet

Endringsframlegg 1:

Det vart stemt over endringsframlegg frå Tord Hafnor (Mdg). Forslag frå Tord Hafnor fekk ei røyst og falt.

Kommunedirektørens endrede punkt vart ståande

Endringsframlegg 2:

Framlegg frå Krf og Høgre er likelydande.

Endringsframlegg frå Høgre/Krf vart vedteke mot Tord Hafnor (Mdg) si røyst

Endringsframlegg 3:

Endringsframlegg frå Høgre fekk tre røyster og falt. Dei som røysta for var Runar Stensaker Kleppe

(H), Marit Elisabeth Larssen (Sp) og Per Rune Vereide (Sp)

Endringsframlegg frå Arbeiderpartiet vart samrøystes vedteke

Endringsframlegg 4:

Arbeiderpartiet sitt framlegg vart trekt

Høgre sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke

Endringsframlegg 5:

Høgre sitt endringsframlegg fekk fire røyster og vart vedteke. Dei som stemte for var Runar Stensaker Kleppe (H), Marit Elisabeth Larssen (Sp) og Per Rune Vereide (Sp) og Alf Erik Røyrvik (V)

Kommunedirektørens tilråding med vedtekne endringar vart vedteke mot Tord Hafnor (Mdg) si røyst

SAMF- 027/26 Vedtak

Samfunnsutvalet vedtek med heimel i Plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 å legge forslag til detaljregulering for fjordfronten Sandane sentrum ut til 2. gongs høyring og offentlig ettersyn, på vilkår om at følgjande vert innarbeidd:

- For SF, BFK1, BFK2 vert kravet om bygging av to etasjar vidareført frå områdereguleringsplanen. Som eit minimum må bygningane tole framtidig påbygging.
- Kravet om at 3. og 4. etasje skal nyttast til bustad vert vidareført frå områdeplanen, gjeld eitt eller fleire delområde men ikkje F/K.
- Plankonsulenten innarbeider framlegg til konkrete krav til visuelle kvalitetar og utforming, her under bygningsvolum, takform, farge, materialbruk o.l.
- Fjerne § 3.6 i føresegnene: Minimum 20% av parkeringsplassene skal ha ladepunkt for el-bil.
- Fjerne § 4.6 i føresegnene: I hjørnet mot Heradsplassen skal det være inngangsparti.

Kommunen aksepterer på vilkår parallell behandling av planforslag og byggesak for nytt Coop bygg jf. pbl. § 12-15, og at høyringsperioden vert nytta som nabovarsel.

- Vilkår: Fjernverknad og landskapsverknad skal dokumenterast gjennom illustrasjonar frå relevante standpunkt, med særleg vekt på korleis området framstår dersom berre F/K vert bygd i første fase.

I høyringsperioden skal kommunen halde eit ope informasjonsmøte for alle som vert direkte eller indirekte påverka av planforslaget.

Administrasjonen får høve til å gjere redaksjonelle endringar i plandokumenta før dei vert sendt på høyring, og det vert teke atterhald om at kommunen kan kome med krav om justeringar i høyringsperioden.

Vedteke mot Tord Hafnor (Mdg) si røyst